

Istandsettingsprogrammet Prosjekt Bryggen - Søknader og fordeling av tilskot 2018

Prosj.nr	Askeladden ID	Delprosjekt	Overførte midlar frå 2017, øyremerka	Førehands-tilsegn 2018	Omfordelte midlar frå andre tiltak tidl. år	Tilskot m. midlar frå post 79 i 2018	Sum tilskot i 2018 (beløp i vedtaksbrev)	Sum førehands-tilsegn og tilskot 2018	Budsjett 2018 inkl overførte midlar	Utbetalte, ubrukte midlar frå tidlegare år	Totalt beløp som det skal rapporterast for i 2018
PB-100		Istandsetting									
PB-109		Bredsgården, bygning 1-2a og 2a									
PB-109.1	1-2a: 86010-15		1 481 371	500 000		3 800 000	3 800 000	4 300 000	5 781 371	0	5 781 371
PB-109.2	2a: 86010-7		587 053	500 000	352 604	3 407 396	3 760 000	4 260 000	4 847 053	0	4 847 053
			2 068 424	1 000 000	352 604	7 207 396	7 560 000	8 560 000	10 628 424	0	10 628 424
	2b: 86010-8	Forundersøkingar for istandsetting	0	0	10 000		10 000	10 000	10 000	0	10 000
			0	0	10 000	0	10 000	10 000	10 000	0	10 000
PB-104		Tidlare istandsetting, no sikring og tilrettelegging for bruk									
		Svensgården, bygn 4a-d og 5a-c									
PB-104.1	4a: 87166-1		140 034	0	0	1 800 000	1 800 000	1 800 000	1 940 034		1 940 034
PB-104.5	5a: 87166-9		395 164	1 000 000		1 100 000	1 100 000	2 100 000	2 495 164		2 495 164
			535 198	1 000 000	0	2 900 000	2 900 000	3 900 000	4 435 198	0	4 435 198
Sum			2 603 622	2 000 000	362 604	10 107 396	10 470 000	12 470 000	15 073 622	0	15 073 622
PB-200		Sikring og prosjektering	Overførte midlar frå 2017, øyremerka				Sum tilskot i 2018 (beløp i vedtaksbrev)	Sum førehands-tilsegn og tilskot 2018	Budsjett 2018 inkl overførte midlar	Utbetalte, ubrukte midlar frå tidlegare år	Totalt beløp som det skal rapporterast for i 2018
PB-205.1		Felles brannsikring: Gradvis fornying av felles sprinklarventilar og inntaksleidningar. Etablere sprinklarrom med ventil i Enhjørningsgården	180 000		0	0	0	0	180 000	28 506	208 506
PB-217		Felles brannsikring: Konsulentteneste - rapport med vurderingar og tilrådingar for ei framtidig fornying av sprinklaranlegget.	70 000		0	0	0	0	70 000		70 000
PB-218		Felles brannsikring: Utbetre brannvarslingsanlegget, ved å etablere sprinklerkontrollbokser i fire av kontrollromma	100 000		0	0	0	0	100 000		100 000
	1a: 86010-1	Kartlegge/ tilstandsvurdere taket			0	0	0	0	0		
	6-7b: 87138-2	Forprosjekt og forundersøkingar for istandsetting.			0	0	0	0	0		
Totalt			350 000	0	0	0	0	0	350 000	28 506	378 506
PB-500		Fellesoppgåver	Overførte midlar frå 2017, øyremerka			Tilskot m. midlar frå post 79 i 2018	Sum tilskot i 2018 (beløp i vedtaksbrev)	Sum førehands-tilsegn og tilskot 2018	Budsjett 2018 inkl overførte midlar		Totalt beløp som det skal rapporterast for i 2018
PB-501		Felles driftsoppgåver: Taksjekk og mindre utbetringar av tak, vakthald, sprinklarkontroll/ sprinklar-utbetringar og strøm sprinklar Materialbanken				400 000	400 000	400 000	400 000		400 000
PB-502						143 000	143 000	143 000	143 000		143 000
Totalt			0	0	0	543 000	543 000	543 000	543 000	0	543 000
DELSUM			2 953 622	2 000 000	362 604	10 650 396	11 013 000	13 013 000	15 966 622	28 506	15 995 128
PB-800		Administrasjon			Omfordelte midlar	Tilskot m. midlar frå post 79 i 2018			Budsjett 2018 inkl overførte midlar		
PB-801		Bygningsfagleg oppfølging ved innleidd konsulent			189	499 604	499 793	499 793	499 793		499 793
Totalt			0	0	189	499 604	499 793	499 793	499 793	0	499 793
							0	0	0		0
SUM ALLE POSTAR			2 953 622	2 000 000	362 793	11 150 000	11 512 793	13 512 793	16 466 415	28 506	16 494 921

Differanse mellom utgifter og inntekter

850 000

Inntekter

	Overført, øymerka	Førehandstilsegn 2018	Overført, omdisponert	Nye midlar 2018			Sum disponibelt	
Midlar over Statsbudsjettet 2018		2 000 000		12 000 000			14 000 000	
Ubrukte midlar frå PB-104.1 i 2017, overført som øymerka	140 034							
Ubrukte midlar frå PB-104.5 i 2017, overført som øymerka	395 164							
Ubrukte midlar frå PB-106 i 2016; omdisponert			3 000					Omdelt til PB-109.2
Ubrukte midlar frå PB-108.1 i 2016, omdisponert			141 140					Omdelt til PB-109.2
Ubrukte midlar frå PB-108.2 i 2016, omdisponert			62 177					Omdelt til PB-109.2
Ubrukte midlar frå PB-109.1 i 2017, overført som øymerka	1 481 371							
Ubrukte midlar frå PB-109.2 i 2017, overført som øymerka	587 053							
Ubrukte midlar til i PB-205.1 i 2017, overført som øymerka	180 000							
Ubrukte midlar til i PB-217 i 2017, overført som øymerka	70 000							
Ubrukte midlar til i PB-218 i 2017, overført som øymerka	100 000							
Ubrukte midlar til PB-219 i 2017, omdisponert			7 175					Omdelt til PB-109.2
Renteinntekter 2017			46 857					Omdelt til PB-109.2
Tilbakebetalt tilskot frå PB-507 i 2014			92 255					Omdelt til PB-109.2
Ubrukte midlar i PB-801 frå 2016			10 189					Framlegg: Omfordelast med 10.000 til bygn 2b og kr. 189,- til PB-801
Sum, rammebeløp til fordeling i 2018	2 953 622	2 000 000	362 793	12 000 000			17 316 415	

Førehandstilsegn 2019

Prosj.nr	Askeladden ID					
PB-109.1	1-2a: 86010-15					1 000 000
PB-109.2	2a: 86010-7					1 000 000
						2 000 000
PB-104.1	4a: 87166-1					500 000
PB-104.5	5a: 87166-9					500 000
						1 000 000
Sum						3 000 000

Tiltaka som har fått tilskot i 2018:

PB-104 Svensgården

Istandsettinga i Svensgården starta i 2006. Bygningane 4b, 4c, 4d og 5b er tidlegare sett i stand til «ferdig istandsett uavhengig av framtidig bruk». Hausten 2017 vart det for bygningane 4a og 5a utarbeidd alternative framdriftsplanar og metodar for istandsetting og sikring, kor tiltakshavars planar no hovudsakeleg er å sikre og legge tilrette for bruk av bygningen. Det vil seie at bygningane blir sett i brukbar stand utan å gå vegen om full istandsetting. Strukturelt blir bygningane låst, der berre naudsynt istandsetting (t.d. bjelkelag og dels sutak) blir gjort, då i tråd med vanlege restaureringsprinsipp.

For begge bygningane er planane i 2018:

- Arbeid med sutak, tekking, sløys og nedlup, vindauge og dører, bjelkelag og golv, og vidare: reetablering av innvendige veggjar med utforing, reetablering av tidlegare elkraftanlegg, ventilasjonsanlegg og VVS-installasjonar, reetablering av innvendige overflater, samt arbeid med brannvarslingsanlegg og sprinklaranlegg.
- For bygning 4a inneber i tillegg planane for 2018: sikring av konstruksjonen, mellom anna med tverravstivingar av veggane, og vidare: bjelkelag på golv og sikring av eksisterande betonggolv.
- For 5a inneber i tillegg planane for 2018: reparasjon av vindemark, arbeid med kledning i front, opplengjarar, og tilpassing av syllstokk.

PB-109 Bredsgården

Istandsettinga av bygningane 1-2a og 2a i Bredsgården vart starta i 2016, etter forprosjekt og forundersøkingar, og er planlagt å gå over tre og et halvt år, fram til juli 2019.

I 2017 vart laftekassa i første etasje i bygning 1-2a ferdig lafta, og golvet i første etasje vart produsert og montert. Ved inngangen til 2018 var bygningen klar til å bli sett ned på fundamentet i første etasje med bjelker i etasjeskillet, for vidare arbeid med laft i andre og tredje etasje. Òg for bygning 2a var hovudarbeidet laft. Stort sett all laft i bygningen vart ferdigstilt, med unntak av gjennomslaget i andre etasje mot bygning 1-2a. Råteskadar vart utbetra. I midten av mai vart bygningen sett ned, og på hausten vart det som var mogeleg å fjerne av riggen utan kran demontert og fjerna. Vindauge vart reparert, utbetra og stelt, og ein del dørar og detaljar vart produsert eller restaurert.

Dei planlagde arbeida i 2018 er:

- For bygning 1-2a: arbeid med laftekassa i andre og tredje etasje; utskifting av roten laft, opplifting av fleire hjørne og tilbakeføring av ein fjerna skiljevegg. Deretter arbeid med frontfasaden, med kledning, vindauge og butikkfront, og så arbeid med takkonstruksjonen med tilhøyrande sløyser og tekking.
- For bygning 2a: arbeid med takkonstruksjon med tilhøyrande sløyser og tekking, innsetting av vindauge, butikkfront, utvendig kledning, tilbakeføring av interiør, tilbakeføring av toalett i andre etasje, elektrisk installasjon, og tilbakeføring av tilstand før istandsetting i passasjen til Enhjørningen.

PB-501 Felles driftsoppgåver

Tilskotet går til tiltak under felles driftsoppgåver som er å rekne som førebuande sikringstiltak; taksjekk og mindre utbetringar av tak, vakthald, straum i felles sprinklarrom, sprinklarkontroll og utbetringar etter FG-rapport.

PB-502 Materialbanken

Materialbanken er oppretta som eit fjernlager for dei store materialmengdene som i periodar trengst til istandsettingsarbeida på Bryggen. Tilskotet går til husleige og tilhøyrande utgifter slik som straum, bruk av maskinelt utstyr, og drift av lageret.